

## MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 51 / 2017 Sak til: 58 / 2017	Tysdag 29 august 2017	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.

Frammøtte: 7 av 7 medlemmer.

Til stades

**Medlemer:**

Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Einy Daviknes, Solfrid Kongshaug Aase, Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

**Varamedlemer:**

**Meldte forfall:**

Andre frammøtte:

**Sak / år:**

**51/2017: Møteprotokoll frå møte 14 juni vart godkjent.**

Merknad: Gudstenestene 30.7 var ved Astrid Marie Haugland, 20/8 vart avlyst og 27/8 var ved Godtfred Haugland med ansvarleg team 4. Vi har fått ny revidert Plan for hausten.

**52/ 2017: Meldingar:**

Takkebrev for gåver, tidskrifter til gjennomlesing og takk frå Magnar Ådlandsvik for at han fekk jobben i kyrkjelydshuset.

**53/ 2017: Gudstenesteliste:**

**21/06: kl.17.00. Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

25/06: kl,11.00: Hovudgudsteneste v/ Peter Johansen. Offer: Den norske kirke i utlandet.

Ansvarleg: Team 4.

09/07: **kl.19.00:** Hovudgudsteneste v/Godtfred Haugland. Nattverd. Offer: Misjonshøgskulen.

Ansvarleg: Team 1.

30/07: kl. 11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Ansvarleg: Team 2.

27/08: Kl. 11.00: Hovudgudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Ansvarleg: Team 4.

10/09: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Konfirmasjon. Offer: Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Alle team.

**13/09: kl.17.00. Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

24/09: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp og nattverd. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Ansvarleg: Team 4.

#### **54/ 2017 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:**

21/06: Gudstenesta på eldresenteret vart flytta til kyrkja, og dette var positivt for alle og ei fin stund. Det var ynskje om å gjere dette fleire gonger.

10/09: Konfirmasjon. Diverse oppgåver for teama. Alle team møter.

#### **55/2017: Konfirmasjonen 10 september:**

Så mange som mulig frå teama møter tidleg ( kl.10) og fordeler oppgåver i gudstenesta.

Roser vert kjøpt inn. Vi har program på papir som vi deler ut. Det er viktig å ta imot folk på ein god måte, hjelpa konfirmantane med biblane og bidra til at det vert ein fin dag for alle.

#### **56/2017:Frivillige medarbeidarar. Skriv frå diakon Terje Knudsen.**

Vi gjekk gjennom forslaga som var utarbeida i planen « Organisering av frivillige». Ressurser og behov er ulike i kyrkjelydane og det kan vere lettare å ha plan for kvar kyrkjelyd.

Vedtak: Vi gjekk inn for modell 2. Det kan vere fellessamlinger for kyrkjelydene til inspirasjon. Diakon Terje Knudsen kan ha det overordna ansvar.

#### **57/2017:Dugnad kyrkjelydshuset:**

Vi har hatt mange dugnader etter arbeidet som er utført. Men det gjenstår ein del også. Maling utvendt må vi ta når det er vær. Det treng også rydding utafor huset Vi tek det litt på sparket når det passer for folk. Vi har fått mange positive tilbakemeldinger frå folk om arbeidet som er gjort.

Vi aukar også leiga for huset frå 1 januar 2018:

Vedtak:

Kr.2000 for helg, kr.400 i tillegg for vask etterpå, kr.1500 for ein dag, lån av bord kr.20 pr.stk. lån av stoler kr.10 pr. stk.

Lån av duker: Må vaskast/ strykast og deretter leverast attende.

#### **58/2017: Eventuelt:**

Ny dato for neste møte: 20 september.

Det er ynskeleg at barnekoret deltek på nokre gudstenester i haust. Evt. Lys vaken gudstenesta 3/12. og julafta.

Evaluering open kyrkja i juli: Lite besøkt dei første søndagane. Litt meir på slutten. Vi vurderer neste år om evt. andre tidsrom er betre.

Vi må ha skilt til å ha ved veien og ved døra om at kyrkja er open, i tillegg til plakater på oppslagstavla.

**Neste møte vert onsdag 20 september.**

S. Herdla 8 september 2017.

*Reidun Flåpsdøy.*

Referent.